



HJELMELAND
KOMMUNE

Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Beadle, Lene Anita Opsal	K2 - M40	17/1651

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
113/17	Formannskapet	PS	21.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Gebysatsar vatn og avløp 2018

Vedlegg:

Gebyrregulativ for vatn og avløp 2018 - Hjelmeland

Valg av gebyrmodell - vann og avløp 2018

Forslag til vedtak:

- Gebyrområde for vatn og avløp skal begge ha full kostnadsdekning via inntekt frå gebyr.
- Gebysatsar for vatn og avløp blir berekna ut frå årleg gebyrgrunnlag med ei kostnadsdekning på 60 % frå fastleddsgebyr og 40 % frå forbruksgebyr.
- Gebyrregulativ for vatn og avløp 2018 vert vedteke.

Hjelmeland, den 21.10.2017

Wictor Juul
Rådmann

Formannskapet - 113/17

FSK - behandling:

Behandling:

Fellesforslag frå H og Krf til sak 113/17, foreslått av Helgøy, Håkon, <tittel>
Gebyrordninga for vatn og avløp vert vidareført for 2018 med eit tillegg på 5 %.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Røysting:

Under røystinga vart fellesforslag frå H og Krf satt opp mot forslag til framlegg frå rådmannen:

Forslag frå rådmannen:	Vedteke med 5 røyster (SP, V og AP)
Fellesforslag frå H og Krf:	Fekk 4 røyster (H og Krf) og fell

FSK - vedtak:

Framlegg til kommunestyret:

- Gebyrområde for vatn og avløp skal begge ha full kostnadsdekning via inntekt frå gebyr.
- Gebyrsatsar for vatn og avløp blir berekna ut frå årleg gebyrgrunnlag med ei kostnadsdekning på 60 % frå fastleddsgebyr og 40 % frå forbruksgebyr.
- Gebyrregulativ for vatn og avløp 2018 vert vedteke.

Saksopplysninger:

Samandrag

Jamnfør K-sak 095/16 vert betaling for vatn- og avløp i henhold til arealkategoriar frå og med 1.1.2018 i samsvar med *Forskrift for vann- og avløpsgebyr*.

Fakta

Hjelmeland kommune har per dags dato ikkje vedtak som seier at sjølvkostområda for vatn og avløp skal ha full kostnadsdekning frå gebyrinntekter. Det vil i praksis bety at dersom gebyrinntektene ikkje dekker inn gebyrgrunnlaget, og det ikkje er fondsmidler til å dekke det negative resultatet, vil kostnaden bli belasta kommunen sitt øvrige reknskap. Dersom Hjelmeland kommune ønsker full kostnadsdekning for sjølvkostområda for vatn og avløp må det gjerast eit eget vedtak om dette.

I budsjettkonferansen for Formannskapet 17. oktober, gav VA-ansvarleg informasjon om alternative oppsett for VA-gebyr (se vedlegg *Valg av gebyrmodell – vann og avløp 2018*). Rådmannen tilrår at Hjelmeland kommune går for ei løysning med 60 % fastledd og 40 % forbruksledd. Denne løysninga gjer at Hjelmeland kommune blir mindre sårbar for tap i gebyrinntekter i perioden med overgang frå stipulert forbruk til målt forbruk som følgje av at alle abonnentar skal ha vassmålar innan utgangen av 2020. Ein modell med ein høgare fastleddandel gjer og at kubikkmeterpris for vatn blir lågare, noko som er gunstig for storbrukare av vatn. Dei som kjem dårligst ut ved bruk av høgt fastledd er fritidsbudstader som vil få ei auke i gebyr.

Forslag til *Gebyrregulativ for vatn og avløp 2018* er vedlagd. Regulativet er basert på *Økonomiplan Vann 2018-2021* og *Økonomiplan Avløp 2018-2021* som vist i vedlegg *Valg av gebyrmodell- vann og avløp 2018*. Gebyrregulativet legg til grunn eit fastledd på 60 % og eit forbruksledd på 40 % for vatn-



**HJELMELAND
KOMMUNE**

og avløpsgebyr.

Lovar, føresegner, rundskriv

Forskrift for vann- og avløpsgebyr for Hjelmeland kommune

Økonomiske konsekvensar

Hjelmeland kommune skal ha full kostnadsdekning for sjølvkostområda for vatn og avløp.

Gebyrsatsar for vatn og avløp må gi dekning for gebyrgrunnlag i tråd med gode sjølvkostprinsipp.

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

K-sak 095/16

Hovedplan vann og avløp 2015 – 2025 for Hjelmeland kommune

Vurdering og konklusjon

Hjelmeland kommune bør gjere vedtak som seier at gebyrområde for vatn og avløp skal begge ha full kostnadsdekning via inntekt frå gebyr, slik at kostnaden for desse sjølvkostområda ikkje vil bli belasta kommunen sitt øvrige reknskap.

Gebyrsatsar for vatn og avløp bør bli berekna ut frå årleg gebyrgrunnlag med ei kostnadsdekning på 60 % frå fastleddsgebyr og 40 % frå forbruksgebyr slik at Hjelmeland kommune blir mindre sårbar for tap i gebyrinntekter i perioden med overgang frå stipulert forbruk til målt forbruk, som følgje av at alle abonnentar skal ha vassmålar innan utgången av 2020.

Gebyrregulativ for vatn og avløp 2018 vedtas som vedlagd.